



Informasjonsnotat / orientering

Til:

Marit Aksnes Aase

Frå:

Tone Ramsli

UTBYGGING AV SJUKEHEIMEN STATUSRAPPORT TIL STYRINGSGRUPPA FEBRUAR 2012

Saknr/Journalnr
09/635/12/585/ASK/TR

Arkivkode
FE-614

Dato:
07.02.2012

Arbeidet med skisseprosjektet er no inne i ein hektisk periode. Norconsult som er engasjert til dette arbeidet har utarbeidd ei rekkje alternative løysingar. Delar av desse inneber kjøp av naboeigedom, andre ikkje. Prosjektgruppa skal onsdag 8.2.12 i dialog med konsulenten for å avgrensa kva alternativ som treng ytterlegare bearbeiding. Her vil det vera snakk om å sjå dei negative og dei positive konsekvensar for dei ulike alternativa opp mot kvarandre.

Utgangspunktet for arbeidet er vedteke romprogram. Her er det i detalj lista opp kva rom som skal inn og storleiken på dei.

”Brukargruppa”, som i stor grad består av tilsette, arbeider med funksjonalitet, og har ein dialog med konsulenten på praktiske løysingar. Dette gjeld ikkje minst på kva rom som bør liggje nær kvarandre og kva rom som ikkje bør gjera det.

Parkering vert dels løyst ved å bruka nyleg erverva eigedom som grenser til helsetunet. Sannsynlegvis vert dagens parkering ved helsetunet integrert med ny parkering, ei løysing som også vil betra tilkomsten til parkering helsetunet.

Når det gjeld mellombels løysing, er det dialog med Sætrevika leirstad. Me har no kome så langt i dialogen at det er snakk om å få fram ein for begge akseptabel husleige. Her er me enda ikkje kome i mål.

Det har vore ei utfordring å få fram eit underlagsmateriell for utlysing av anbodet på prosjektinga. Her har me måtte kjøpa konsulenttenester. Dette har teke lenger tid enn planlagt, noko som kan føra til at riving m.m. vil starta seinare enn føresett. Me veit pr. d.d. ikkje om me klarer å henta inn att dette etterslepet.

Til neste møte vil det verta lagt fram meir detaljert informasjon.